



HÅ KOMMUNE

ETAT FOR TEKNISKE SAKER OG NÆRING

Landbruksdepartementet
Avdeling for matpolitikk
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006 - 143	Doknr.: 203
Mottatt: 22 MAI 2006 MP/SDD	
Saksbeh.: MBB	Ark.: 73
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref.

Vår ref.
05/00415-012
010313/06 OMT

Arkivkode
V50

Stad/Dato
Varhaug, 18.05.06

MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL

Formannskapet behandla i møte 16.05.06 sak 0047/06. Følgjande vedtak blei fatta:

1. Formannskapet i Hå sluttar seg til rådmannen sine merknader med omsyn til endring av lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell.
2. Føresetnaden for at ansvaret skal delegerast til kommunane er at ein får ei ny inndeling av vaktområda, der Hå kommune vert eit eige vaktområde.
3. Sjølv om ansvaret vert delegert til kommunane, må Staten likevel ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste. Dette må nedfellast i lova.
4. Formannskapet føreset at kommunane fullt ut får kompensasjon for at ansvaret vert delegert til kommunane. Midlane må vere øyremerka, i alle fall dei første åra.
5. Kommunenes Sentralforbund må få forhandlingsrett på vegne av kommunane i forhandlingane med veterinærforeninga.

Vi seier oss leie for at vi er litt seint ut med vår uttale.

Med helsing
Hå kommune

Olav Magne Tonstad
jordbrukssjef

Kopi til Den norske veterinærforening

KS, Postboks 1378, Vika, 0114 OSLO

Mattilsynet, Regionkontoret i Sandnes, Kyrkjevegen 332, 4325 SANDNES

Postadresse:
Postboks 24
4368 VARHAUG

Kontoradresse:
Rådhusgata 8
4360 VARHAUG

Internett:
teknisk@ha.kommune.no
www.ha.kommune.no

Telefon:
51793124

Telefaks:
51793006

Org.nr:
964 969 590

**HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV AV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL**

Saksbehandlar: Olav Magne Tonstad
Arkivsaksnr.: 05/00415

Arkivkode: V50

Utvalsak Utval
0047/06 Formannskapet

Møtedato
16.05.2006

Vedtak i Formannskapet den 16.05.2006:

1. Formannskapet i Hå sluttar seg til rådmannen sine merknader med omsyn til endring av lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell.
2. Føresetnaden for at ansvaret skal delegerast til kommunane er at ein får ei ny inndeling av vaktområda, der Hå kommune vert eit eige vaktområde.
3. Sjølv om ansvaret vert delegert til kommunane, må Staten likevel ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste. Dette må nedfellast i lova.
4. Formannskapet føreset at kommunane fullt ut får kompensasjon for at ansvaret vert delegert til kommunane. Midlane må vere øyremerka, i alle fall dei første åra.
5. Kommunenes Sentralforbund må få forhandlingsrett på vegne av kommunane i forhandlingane med veterinærforeninga.

Behandling i Formannskapet:

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedtatt.

Rådmannen si innstilling:

1. Formannskapet i Hå sluttar seg til rådmannen sine merknader med omsyn til endring av lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell.
2. Føresetnaden for at ansvaret skal delegerast til kommunane er at ein får ei ny inndeling av vaktområda, der Hå kommune vert eit eige vaktområde.
3. Sjølv om ansvaret vert delegert til kommunane, må Staten likevel ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste. Dette må nedfellast i lova.
4. Formannskapet føreset at kommunane fullt ut får kompensasjon for at ansvaret vert delegert til kommunane. Midlane må vere øyremerka, i alle fall dei første åra.
5. Kommunenes Sentralforbund må få forhandlingsrett på vegne av kommunane i forhandlingane med veterinærforeninga.

Vedlegg:

Høyring av forslag til endring av lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell

Brev frå Den norske veterinærforening, datert 23. mars 2006

Notat frå Kommunenes Sentralforbund (udatert)

Hå kommune sitt brev av 4. april 2006 til Stortingets næringskomite

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har i brev av 15. februar 2006 sendt ut eit høyringsforslag til endring av veterinærlova, slik at ansvaret for tilfredstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell vert overført frå Staten til kommunane frå 2007. Høyringsfristen er 15. mai 2006.



I 2004 sette Landbruksdepartementet ned eit utval (Sagelvmø-utvalet) som mellom anna skulle vurdere korleis ein for veterinært personell kan bidra med offentlege verkemiddel, slik ein kan oppretthalda tilfredsstillande veterinærdekning i aktuelle deler av landet. Utvalet konkluderte mellom anna med at det var best å gje kommunane ansvar for at det kan finnast ei tilfredsstillande veterinærdekning.

Departementet kjem med framlegg om å oppheva paragraf 1 i lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell, der det står at staten har det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste. Vidare er det gjort framlegg om ein ny paragraf 3a som innebær at Staten sitt ansvar vert overført til kommunane. Kommunane skal få eit utvida ansvar i høve til det ansvaret staten har i dag, ettersom det i denne paragrafen blir omtalt som eit overordna ansvar.

Ansvaret vert meir direkte ved at det vert knytta til ei plikt for kommunen til å sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehesepersonell. Tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehesepersonell tilseier at denne tenesta må vere tilgjengeleg heile døgnet. For å kunne sikre dette legg departementet til grunn at det i kommunane må vere ei organisert vaktordning.

Dyrehesepersonellet eller veterinærane er sjølvstendig næringsdrivande, og dei yter sine tenester mot betaling frå bønder og andre brukarar (eigarar av hundar og andre kjeledyr, etc.). For å jamne ut kostnadane mellom husdyrbrukarane som nyttar veterinærtjenester, er det i jordbruksavtalen etablert ei tilskotsordning for reiseutgifter. Staten dekkjer desse utgiftene. I 2006 er det budsjettert med 80 millionar kroner til vaktordninga for veterinærer. Mattilsynet har berekna kostnader til administrering og organisering av vaktordninga, og opplyser at dette utgjer om lag 500.000 kroner pr. år. Landbruksdepartementet tek sikte på at både midlane til klinisk veterinæravtalt og midlane knytta til kommunane sitt ansvar for å sørge for ei tilstrekkeleg vaktordning, skal innlemmast i rammetilskotet til kommunane.

I dag er det Staten gjennom Mattilsynet som administrerer vaktordninga.

Frå 1. januar 2005 endra Staten vaktområda ved at dei slo saman fleire vaktområde. Nærbø, Time, Gjesdal, og Klepp er eit distrikt. Varhaug og Dalane er eit distrikt. Denne utvidinga av vaktordninga skjedde etter stor motstand frå både veterinærer og kommunane. Hå kommune kommenterte dette i fleire brev, der eit av desse er lagt ved saksdokumenta. Hå kommune meinte at dei nye vaktområda var altfor store, og kommunen kunne ikkje akseptere den nye vaktordninga på kvelds- og nattetid og i helger og høgtider.

Mattilsynet i Rogaland opplyser at den nye inndelinga av vaktområda fungerer ikkje på grunn av at dei er altfor store. Dalane og Varhaug køyrer kvar si vaktordning og deler pengane frå det offentlege mellom seg. På Nærbø er det ei privat ordning, utan tilskot frå det offentlege, som dei privatpraktiserande veterinærane står for. Det er dei privatpraktiserande veterinærane som sørger for den kliniske beredskapen. Beredskapen når det gjeld smittsame sjukdomar er ikkje god nok i dag. Mattilsynet sin vakttelefon er heller ikkje alltid bemanna.

Det vert no opplyst at frå første juli 2006 skal vaktområda endrast og Mattilsynet i Rogaland har gjort framlegg om at Hå kommune skal verta eit vaktområde.

Vurdering:

Det er dessverre slik at det i dag ikkje er ei tilfredsstillande vaktordning i Hå kommune og på Jæren. Det skuldast at inndelinga av vaktområda ikkje er god nok. Vaktområda er for store.



Det er hovudsakeleg dei privatpraktiserande dyrlegane som på eige initiativ køyrer vakter og sørgjer for ein tilfredsstillande klinisk beredskap.

Rådmannen har forståing for at Staten ynskjer å overføre dette ansvaret til kommunane. Det er i tråd med at stadig fleire oppgåver vert delegert til kommunane.

Men samstundes meiner rådmannen at staten ikkje kan overføre ansvaret til kommunane for ei vaktordning som på ingen måte fungerer i dag. Rådmannen vil derfor be om at inndeling av vaktområda vert endra, slik at ein får ei ny inndeling av vaktområda før ansvaret for dyrehelsetenesta vert overført til kommunane. Rådmannen er positiv til at Hå kommune vert eit eige vaktområde.

Sjølv om ansvaret vert delegert til kommunane, meiner rådmannen likevel at Staten må ha det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelseteneste.

Når det gjeld finansieringa, meiner rådmannen at det må vere eit krav om at kommunane fullt ut bør få kompensasjon for at ansvaret vert delegert til kommunane. Midlane må vere øyremerka, i alle fall dei første åra. Kommunenes sentralforbund må få forhandlingsrett på vegne av kommunane i forhandlingane med veterinærforeninga.



Stortingets næringskomité
v/saksordfører Odd Roger Enoksen
0026 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
05/00415-007
006177/05 OMT

Arkivkode
V50

Stad/Dato
Varhaug, 04.04.2005

VETERINÆRTJENESTE OG SAMANSLÅING AV VAKTOMRÅDE

Hå kommune er gjort kjent med at veterinæravtale skal på høyring i næringskomiteen 11. april 2005. Hå kommune har tidlegare sendt to brev til Landbruks- og matepartementet om saka. De første brevet var ein felles uttale med ordførarane i Time og Klepp.

Hå kommune er den største husdyrkommunen i landet med eit svært omfattande husdyrhald. I kommunen er det 9.367 mjølkekyr med 377 brukarar (føretak), 252 ammekyr, 18.632 andre storfe, 3799 avlspurker fordelt på 115 brukarar (føretak), 84.121 verpehøner og 12.295 vinterfora sauer. Alle tala er tekne frå Statens landbruksforvaltning sin statistikk for søknader om produksjonstilskot i jordbruket pr. 1. januar 2004.

Hå kommune føreset at den nye vaktordninga ikkje vil gå utover dyrevelferda. God dyrevelferd og god dyrehelse føreset at vaktområda ikkje er for store og at avstandane ikkje vert for lange. Vi er opptekne av dyrevelferda og bonden sin situasjon. For store vaktområde vil i neste omgang også føre til unødig bekymring og belastning for bøndene.

Hå kommune har i dag to vaktområde; Varhaug og Nærbø/Undheim. Undheim er ein del av Time kommune. I fylgje dei opplysningane vi har fått frå Landbruks- og matdepartementet er Nærbø og Undheim no slått saman med Tu og Gjesdal til eit område. Varhaug er slått saman med Dalane til eit område. Det vil seie at 8 kommunar (Hå, Time, Klepp, Gjesdal, Bjerkreim, Eigersund, Sokndal og Lund) er slått saman til 2 vaktområde.

Hå kommune meiner at dei nye vaktområda er altfor store og kan derfor ikkje akseptere den nye vaktordninga på kvelds- og nattetid og i helger og høgtider. Det vil verta for mange husdyr i kvart vaktområde, og ikkje minst vil det verta problem i samband med lamminga kvar vår. Vi vil minne om at også dei andre kommunane har eit omfattande husdyrhald. Mellom anna er både Bjerkreim, Gjesdal og Eigersund store sauekommunar. Den nye vaktordninga er på langt nær forsvarleg og vil utvilsamt gå utover dyrehelsa. Vi registrerer at ei slik vaktinndeling heller ikkje vil vere i samsvar med Stortinget si målsetting om god dyrevelferd og godt dyreværn.

Store reiseavstandar og mykje køyring om natta vil føre til stort press på vakthavande veterinær. Framlegget til vaktordning vil også sannsynlegvis føre til at mange veterinærar ikkje ynskjer å ta på seg vakter, slik at vaktområde vert ubemanna.